

Lars S. Vikør:

Kommentarar til Språkrådets høyringsdokument om rettskrivinga datert 13.3.2023

3.1: Eg ville tilrå å gjennomføre systemrette grunnformer av *hubb* og *spott*. *Spott* har ein homograf, men homografen er eit uteljeleg substantiv, og blir vel til vanleg enkelt skilt frå det engelske lånordet. Men det står ikkje noko om samansetningar, dermed ingenting om det tvitydige *spottpris*. Det burde kanskje seiast noko om det òg.

3.2 Eg er vant til å sjå på *låt* som to homografar: *låt* m 'lyd' generelt, og *låt* f 'popsong o.l.'.

4.1 Eg stør framlegget om å ta inn *sjåast* utan å ta ut *sest*. Begge er mykje i bruk, meir i tale enn i skrift. Men *sest* har ulemper: Det har ingen tradisjon i nynorsk. *Vi sest/sjåast* er openbert kalkert over bokmål *Vi se(e)s*, og ville inntil 2012 ha hatt sideforma *ses*. *Vi sjåast* kan kanskje ha ein viss dialektal bakgrunn, men verkar på meg som ein hovudsakleg moderne frase i dei yngre aldersgruppene. Eg trur denne forma kom i bruk fordi ho markerer nynorsken betre enn *Vi sest*. Og så er nok skiljet mellom infinitiv og presens ganske vagt i *s(t)*-verb både i bokmål og nynorsk og i folks generelle talemålskjensle, det er mykje samanfall mellom desse i vanleg språkbruk og langt på veg òg i normalane. Etter at *sest* i presens i det siste er komme meir i bruk til fortrenghet for *sjåast* (pga. diskusjonar om emnet og normativ retting?), har eg sett døme på *sest* nytta i infinitiv - i nynorsk, altså, der det sjølvstøtt uansett skal vere *sjåast*. Eg trur ein ivaretar nynorsken betre med det vedtaket Språkrådet no legg opp til. (Dette gjeld det resiproke *sjåast*: bruken i passiv (t.d. "*Born skal sjåast, ikkje høyrast*") må vel komme inn under dei sterke reservasjonane mot *-st*-endinga i finitte former (presens og preteritum) av dei fleste verb i nynorsk, slik at avveginga mellom *sjåast* og *sest* blir mindre aktuell der.)

5.1: Det burde kanskje knytast (!) ein kommentar til tilhøvet mellom *knytte* og *knytte* i bokmål - som eg forstår her skal reknast som separate verb? Og *tryte* kan vel knapt tilpassast bokmåls morfologien i det heile - er det belagt nokon bruk av det i preteritum på bokmål? På meg verkar "*trytte*" litt mindre oppkonstruert på bokmål enn dei oppførte sterke formene. Men eg ser jo at det kan finnast (vel sjeldsynte) bruksbelegg som seier noko anna.

5.2: Det er eit litt stivt stykke å forby *kvit* og *hvitbjørn* samtidig. Nynorsk har *kvitebjørn* jamstilt med *kvitbjørn*, og det heiter vel uansett *Kvitebjørn kong Valemon* i eventyret? Eg vil anbefale å la *hvitbjørn* og/eller *kvitebjørn* bli ståande til bruk i eventyrsspråket. Som synonym til *isbjørn* er det vel berre bruk for det i samanhengar der det blir opplyst om at eit slikt synonym finst, altså i metaspråk. (Og eg veit ikkje i kor stor grad desse normeringsreglane gjeld for metaspråk.) Når det gjeld opprekninga av ord med berre *kv-*, så blir det feil å ta med *kverrsette* her, sidan det er frå norrønt *kvirrsetja* og dermed kjem i same klasse som *kveld*, *kvern*, *kvikk* osv. Ein kunne derimot ta med *kveite* som motsats til *hvete* (opphavleg vel same orddanninga) og referere *hvitving* som nedsettande term på *kvit* person som motsats til *kviting*. Somme av orda kunne altså tene på ei kort forklaring.

5.3. *Lågåsild* trur eg at eg sjølv var med på å få inn i normalane i 1978, som saksbehandlar i sekretariatet; før var det berre *lagesild* i bm og *lagasild* i nn, men som

gudbrandsdøl visste eg at talemålsforma *lågåsild* var einerådande i skriftspråket, også bokmål, lokalt med tyngdepunkt på og rundt Lillehammer (ikkje minst i lokalpessa) - der det uansett vart skrive mest om denne fisken - så det var logisk å få den forma inn i skriftnormalane. *Lagasild* var det ikkje mitt ønske å få inn i bokmål; det var eit utslag av den noko stivbeinte systemtenkinga i normeringsmiljøa. Seinare lærte eg at dei på Hedmark-sida seier *lagsild*. Men normeringsframlegget her verkar greitt på meg.